



Ingvar Fanebust  
Fonnebostvegen 156  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9103 - 22/60045

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
08.08.2022

## Du må rette det ulovlige forholdet - pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt - GBNR 106/7 m.fl Fanebust

**Tiltak:** ulovlig tilkomstveg  
**Byggjestad:** Gbnr 106/7 Fanebust  
**Tiltakshavar:** Ingvar Fanebust

### VEDTAK

#### 1. Opphøyr av bruk

Vi pålegg deg å opphøre all bruk av tilkomstveg over gbnr 106/11 med tilkomst til gbnr 106/7 m.fl. inntil det eventuelt ligg føre løyve.

#### 2. Retting

Vi pålegg deg at tilkomstveg over gbnr 106/11 med tilkomst til gbnr 106/7 m.fl. må tilbakeførast til 1,2 meter breidde. Tilkjørte masser utover denne breidda skal fjernast og det skal dekkast til med jord.

Fristen for opphøyr av bruk settast til 31.08.22.

Fristen for retting og tilbakeføring settast til 30.11.22.

#### 3. Tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.09.22 dersom den ulovlege bruken av tilkomstvegen ikkje opphøyrer.

Løpande dagmulkt på kr 300,- frå og med 01.09.22 dersom den ulovlege bruken av tilkomstvegen ikkje opphøyrer.

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.12.22 dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta.

Løpande dagmulkt på kr 300,- frå og med 01.12.22 dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 32-3 og 32-5.

### Tidligere saksgang

Vi viser til varsel om opphøyr av bruk, retting og ilegging av tvangsmulkt 03.10.18.

Kommunen fekk brev frå deg datert 21.11.18 om at det ulovlege forholdet var retta. Dokumentasjonen du sendte inn vart lagt til grunn og oppfølging av saka vart avslutta.

### Grunngjeving for vedtaket

Kommunen har konstatert at det ulovlege tilfellet ikkje vart retta i samsvar med førehandsvarselet og vidare at tilkomstvegen er i bruk som køyreveg igjen.

Billedokumentasjon frå deg motteke 21.11.18 viste at tilkomstvegen var tilbakeført til gangveg med bredde på 1,2 meter.

Nyare bilder viser derimot at jordlaget berre er lagt på toppen av etablert grusveg. Dette jordlaget har no forsvunne gjennom bruk og vær og avdekka at den ulovlege tilkomstvegen fortsatt ligg på staden og nyttast som køyreveg.



Det er gjennom saksgangen tidlegare avklart at du er ansvarleg for etablering av tilkomstvegen over eigedom med gbnr 106/11 sjølv om du ikkje er eigar av denne eigedomen. Du er som utførande part ansvarleg for at reglane i plan- og bygningslova (pbl.) følgjast.

Tilkomsvegen er søknadspliktig i samband med plan- og bygningslova. Søknaden om legalisering av veg er avslått. Tilfellet er derfor ulovleg.

### **Kva skjer om du ikkje rettar tilfellet?**

Om du ikkje rettar tilfellet eller søker innan fristen, må du betale tvangsmulkt som vedtatt over. Vi kan vedta nye og høgare tvangsmulker dersom det ulovlege tilfellet fortsett.

Om ein ikkje rettar seg etter pålegget innan fastsatt frist, kan det følgjast opp med forelegg. Eit forelegg kan få virkning som rettskraftig dom.

Pålegg kan tinglysast som heftelse på eigedomen om det ulovlege tilfellet ikkje rettast.

### **Informasjon om retten til å klage**

Du har rett til å klage på vedtaket. Klagen må sendast til oss **innan 3 veker** frå dette vedtaket vart mottatt. Dette gjeld også dersom det sendast inn søknad.

Dersom vedtaket påklagast, og Statsforvaltaren opprettholder vårt vedtak, vil frist for **retting** vere **fem veker** etter Statsforvaltarens vedtaksdato. Dette gjeld **ikkje** for opphøyr av bruk. Det må derfor bekreftast av deg at bruken er opphøyrd innanfor fristen sjølv om det sendast inn klage.

### **Førehandsvarsel om gebyr for brot**

Vi gjev med dette varsel om at Alver vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Gebyr for brot kan verte pålagt om brotet er gjort med forsett eller utan aktsemd. Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg.

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsomt og forsettleg fordi du har vore kjent med at tilkomstvegen er ulovleg etablert. Etter situasjonen på staden ser det ut til at vegen aldri har vore tilbakeført på det viset den skulle vore. I tillegg er det tydeleg at den er teke i bruk som køyreveg igjen sjølv om du skal være godt kjent med at den berre er godkjent som gangveg.

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 30.11.22**. Vidare har du rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

### **Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?**

Ta kontakt med saksbehandlar på tlf. 56 37 54 66 eller på e-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).

Ved vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer 21/9103, eventuelt 106, 7.

### **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å søkje om tiltaket fremgår av plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf. § 20-1, fyrste ledd, bokstav l og SAK10.
- Krav til sikring av septiktank/brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.

- Kommunen si plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarse eventuelle vedtak følgjer av plan- og bygningslova § 32-2.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter plan- og bygningslova § 32-3 fjerde ledd.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrøtsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 fyrste ledd.
- Vi kan politianmelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

### **Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Ingvar Fanebust

Fonnebostvege 5955  
n 156

LINDÅS